



Årsmøte
25. mai 2021
Kl. 11.00
På
Sotra Kino

Sak 1: Opning

Opning ved leiar

Sak 2: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Grunna smittevernrestriksjonar og ingen aktivitet på Sotra Arena vart årsmøtet kunngjort på Aktiv+ si Facebook side 26.03.21, samt på Kommunen sine heimesider. Det vart hengd opp plakat på Biblioteket, samt annonsert i Vestnytt.

Saksdokumenter vart ferdigstilt 05.05.21, og gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider, link til denne på Aktiv+ si Facebookside, papirformat på Innbyggjartorget i biblioteket og ved opning av årsmøtet.

Saksliste til årsmøtet Aktiv+ 2021

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å underskrive protokollen.
4. Årsmelding frå styret.
5. Rekneskap og revisor-rapport.
6. Handlingsplan for komande år.
7. Budsjett og fastsetjing av medlemskontingent.
8. Forslag til vedteksendringar
9. Innkomne forslag
10. Val
11. Avslutning

Framlegg til vedtak:

Innkalling og dagsorden vert godkjend.

Vedtak:

Sak 3: Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å skrive under protokollen

Framlegg til vedtak:

Som møteleiar veljast Egil Haaland

Som referent veljast Reimund Gulbrandsøy (iflg vedtektene)

Til å underskrive protokollen veljast (forslag på to frå salen)

Vedtak:

Sak 4: Årsmelding fra styret i Aktiv+ for perioden 1. januar – 31. desember 2020.

Årsmelding frå styret

Årsmelding frå styret i Aktiv+ for perioden 1. januar til 31. desember 2020 .

Styret har hatt fylgjande samansetning sidan årsmøtet 10.03.20:

Leiar Irene Evensen, nestleiar Gunnar Angeltveit, kasserar Karstein Lunde, styremedlemmer Inge Kolltveit og Egil Haaland. Vararepresentantar har vore Reimund Gulbrandsøy, Solveig Nesse og Ranveig Frøiland (som diverre døydde kort tid etter årsmøtet). Reimund Gulbrandsøy har hatt funksjon som sekretær.

I tillegg har Unni Sørensen vore Aktiv+ sin kontaktperson inn mot Øygarden Kommune og har møtt i styremøta utan røysterett.

Revisor har vore Leif Håkon Arefjord.

Aktivitetar

Året starta fint med normal aktivitet og mange frammøtte. Til eksempel var det den 7. januar 2020 78 personar som deltok på balansetrening, 77 på trimmen, 24 som gjekk tur og 50 personar som fekk med seg foredraget om «Gode nyttårsføresettt for 2020» til Linn Jeanette Waagbø, leiar for Frisklivs- og meistringssenteret i Kommunen.

Godt frammøte og ivrige deltakarar hald det fram med både i januar og februar. Den 10 mars hadde vi årsmøte, og det fyrste det nye styret måtte gjera var å avlyse alle komande aktivitetar grunna corona-pandemien.

Det var ingen aktivitetar før i juni, då turgruppa med sine vertar gjekk turar.

Sidan det var lite smittespreiing i sommar starta vi opp att med friskt mot den 18. august etter tett dialog med smittevernlegen Jens Eikås. For å få godkjend gjennomføringa måtte vi ha både spriting ved ankomst, registrering på dei ulike aktivitetane samt ekstra spriting inne. I tillegg vart det mykje ekstra arbeid med rigging i sal 3 fordi vi ikkje kunne ha foredraga i VIP rommet. Det var ikkje mogleg å ha påkrevd avstand der, og vi rigga til i innerste del av sal 3 med lerret og prosjektor, og god avstand mellom stolane. Heldigvis har Sotra Arena utstyr som vi fekk bruke. Dette krevde meir personell, og Astrid Hope, Sigurd Hope, Mai Villanger og Finn Villangar stilte villig opp i tillegg til at alle styret hjalp til når dei hadde anledning. Spesielt var det ein del ekstra arbeid for styremedlem Inge Kolltveit som tok på seg ansvar for all rigging, kvar gong med god hjelp av Rune Bildøy.

Talet på frammøtte sank drastisk samanlikna med tala i januar og februar, og flest var det i balansegruppa. Dette tolka vi som at dei som bruker det tilbodet ikkje har so mange moglegheiter til fysisk aktivitet som dei som trimmar. Sistnemnde er kanskje meir før til tur og anna trening.

Vi hadde litt problem med å overhalda påbudt avstand i kafeen i byrjinga, men når vi vart oppmerksom på det og informerte, vart folk flinke til å passa på.

Den 29. september 2020 var det igjen slutt. Då hadde vi eit foredrag med eldrepsykolog Lise Næss om «Den skjulte lidning. Tap i eldre år. Korleis kan vi forebygge einsemnd og motivere til aktivitet?». Dette var eit foredrag som traff mange i hjarta.

Resten av året vart alt avlyst.

Alle foredrag i regi av Aktiv+ er gratis. Senioruniversitetet i Øygarden og Sotra (SØS) sine foredrag er gratis for sine medlemmer, medan andre betaler kr. 50,-.

Samarbeidet med SØS er svært bra, og det er godt å ha dei med i styret og at dei har eit visst antal foredrag i kvar sesong.

Ukentleg drift

Styret vil nytta høvet til å takka dei som har teke på seg frivillig arbeid med å gjennomføra drifta av Aktiv+.

Gunnar Angeltveit og Signe Herdis Høyvik har også dette året delt på oppgåva som instruktør for trimgruppa. Det var eit ynskje frå medlemsmøtet at deltakarane på trimmen skulle få meir rettleiing i å gjere øvelsane riktig, slik at utbyttet vart enda betre. Britt Pettersen var med nokre gonger, og gjekk rundt i salen og gav rettleiing.

Som nemnd har balansegruppa vore sært populær, og vi rettar ein takk til Ergo- og fysioterapiavdelinga i Øygarden kommune som stiller med instruktørar.

Turgruppa vert godt leia av vertane Jan Bjørøy, Karin Bjærum, Oddny Bakke og so har Berit Knutsen kome til. Trygve Dåvøy reknar med å koma sterkt attende når han er restituert etter ein hofteoperasjon.

Restitusjonsrommet vart brukt i byrjinga av året av nokre få. Dei som brukar det trener på einahand.

Nokre få har spela badminton.

Sonja Skålevik var behjelpeleg i mottaket før nedstenginga i mars. Etter det har vi ikkje kunna hatt mottak grunna smittevern, men vonar at dette vert mogleg å ta opp att når pandemien er over.

Kafèen er eit populært tilbod, og dei stiller med mange gode feistingar. Folk kosar seg med kaffi og noko å bita i i pausen mellom trening og foredrag.

Vi vil og takka Sotra Sportsklubb for godt samarbeid og velvilje til at vi skal få gjennomført våre arrangement, og ikkje minst takkar vi vaktmeister Svein Solsvik for all velvilje og god hjelp.

Stryret har hatt sju styremøte i 2020. Det har ikkje vore heilt enkelt å få låna møterom grunna pandemien, men styret har hatt god kommunikasjon via epost i tillegg til styremøta.

Antal medlemmer

Per 04.05.20 var det 363 registrerte medlemmer. Etter det har vi ikkje verva nye grunna smittevern.

Økonomi

Det vises til eige vedlegg for økonomien. Økonomien i Aktiv+ har i 2020 vore god, og styret har difor ikkje søkt om ekstra tilskot. Av same grunn vart det ikkje teke inngangspengar på dei større arrangementa.

Aktiv+ er med i Norsk Tippings sin Grasrotandel. Dei av medlemmene som spelar gjennom Norsk Tipping, og som ikkje allereie har ført opp Grasrotmottaker, oppfordrast til å melde Aktiv+ inn som deira Grasrotmottakar.

Avslutning

Styret vil rette ei stor takk til alle deltakarane på Aktiv+. Det varmar hjarta når vi høyrer spørsmål om når vi kan starte opp att og at folk saknar tilbodet.

Irene Evensen

Gunnar Angeltveit

Karstein Lunde

Inge Kolltveit

Egil Haaland

Andreas Steigen

Solveig Nesse

Reimund Gulbrandsøy

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert godkjend

Sak 5: Rekneskap og revisorrapport

Aktiv+ regnskap 2020

ÅRSRESULTAT

<u>Ktonr</u>	<u>Kontonavn</u>		<u>Kontosum</u>	<u>Regn. ifjor</u>
RESULTATREGNSKAP				
Driftsinntekter				
3120	Gave	Note 1	42 008,12	39 545,21
3900	Andre driftsinntekter		0,00	9 910,00
3910	Andre inntekter, avg. fri u/mva		0,00	14 680,00
	Sum Driftsinntekter		<u>42 008,12</u>	<u>64 135,21</u>
Driftskostnader				
5310	Gave/honorar til foredragsholder	Note 2	-13 640,00	-40 566,00
5320	Gave	Note 3	-7 906,60	-10 260,00
5400	Kontingent		0,00	-200,00
6800	Kontorrekvisita		-194,00	0,00
6809	Forbruksmateriell	Note 4	-1 883,70	-14 839,70
7300	Reklame og annonser	Note 5	-2 373,75	0,00
	Sum Driftskostnader		<u>-25 998,05</u>	<u>-65 865,70</u>
	DRIFTSRESULTAT		<u>16 010,07</u>	<u>-1 730,49</u>
Finansposter				
8040	Kreditrenter		19,00	45,00
8180	Bankgebyr		-68,25	-90,00
	Sum Finansposter		<u>-49,25</u>	<u>-45,00</u>
	RESULTAT FØR SKATTER		<u>15 960,82</u>	<u>-1 775,49</u>
	Sum Skatter og årssdisp.		<u>0,00</u>	<u>0,00</u>
	ÅRSRESULTAT	Note 6	<u>15 960,82</u>	<u>-1 775,49</u>

Noter:

- Tippemidler: _____ Kr. 7 008,12
Støtte fra Øygarden kommune: Kr. 25 000,-
Støtte fra Sotra Rotary Klubb: Kr. 5 000,-
Støtte fra Folkeakademiet: Kr. 5 000,-
- Inger Lise Skarstein, Elisabeth Vannebo og Lise Næss
- Blomster, bøker, etc.
- Batteri, navneskilt og smittevern (Korona)
- Annonse Vestnytt
- Regnskapet inkluderer 4 utbetalinger i januar 2021 (SPV).

⊕ Aktiv+ regnskap 2020

BALANSE

Ktonr	Kontonavn		Kontosum	Regn.ifjor
EIENDELER				
	Omløpsmidler			
1920	Bank, innskudd, ktonr 34113874254	Note 1	2 237,28	83 186,76
1921	Bank, innskudd, ktonr 36336905375	Note 2	96 910,30	0,00
	Sum Omløpsmidler		<u>99 147,58</u>	<u>83 186,76</u>
SUM EIENDELER			<u>99 147,58</u>	<u>83 186,76</u>
EGENKAPITAL OG GJELD				
	Egenkapital			
2000	Innskutt egenkapital		83 186,76	83 186,76
2099	Årsresultat (opptj. egenkap)		15 960,82	0,00
	Sum Egenkapital		<u>99 147,58</u>	<u>83 186,76</u>
SUM EGENKAPITAL OG GJELD			<u>99 147,58</u>	<u>83 186,76</u>



Noter:


Aktiv+ byttet fra Fana Sparebank til Soarebanken Vest i løpet av 2020. Begge kontoene er aktive.

1. Fana Sparebank (1920)
2. Sparebanken Vest (1921)

Eg finn regnskapet til Aktiv+ for 2020 riktig.
Bilag og Banker kontrolert.

Regnskapet kan godkjennast som det er.

Straume 14 april 2021 .



Framlegg til vedtak:

1. Rekneskapen godkjennes.
2. Revisors rapport vert teke til etteretning.

Sak 6: Handlingsplan for komande år

Grunna smittevernsituasjonen og usikkerheit når Aktiv+ kan starte opp att, er det ikkje laga handlingsplan frametter. Styret vil, so snart situasjonen tillet det, ha styremøte og lage program.

Framlegg til vedtak.

1. Årsmøtet godkjenner den forma for handlingsplan.
2. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å laga program for resten av 2021.

Sak 7: Budsjett og fastsetjing av medlemskontingent

Budsjett 2021	Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Budsjett 2021
Driftsinntekter			
Salg	kr 40 000,00		kr 4 000,00
Gaver, støtte	kr 35 000,00	kr 42 008,00	kr 35 000,00
Sum Driftsinntekter	kr 75 000,00	kr 42 008,00	kr 39 000,00
Driftskostnader			
Gave/honorar til foredragsholder	kr 40 000,00	kr 13 640,00	kr 15 000,00
Gaver/kontingent	kr 12 000,00	kr 7 906,00	kr 10 000,00
Div. driftsutg/forbruksmateriell	kr 20 000,00	kr 4 452,00	kr 13 000,00
Sum Driftskostnader	kr 72 000,00	kr 25 998,00	kr 38 000,00
Sum finansposter		kr 49,00	
Årsresultat		kr 15 961,00	kr 1 000,00

FOTNOTE:

Framlegg til vedtak:

1. Budsjettforslaget vert godkjend
2. Forslag om ingen ordinær kontingent for medlemskap
3. Ved store framsyningar i sal 3 med innleige av artistar vert det teke inngangspengar når styret ser behov for det
4. Viss SØS får store utgifter til honorar og reiseutgifter, kan Aktiv+ bidra med tilskot til reiseutgiftene.

Sak 8: Forslag til vedtektsendring

Sjå vedlagte vedtekter.

Sak 9: Innkomne forslag

Sak 10: Val

Valnemnda har lagt fram fylgjande forslag:

STYRET :

Leiar	FRITTSTÅANDE	Irene Evensen	1 år
Styremedlem	ROTARY	Sigurd Hope	2 år
Styremedlem	SØS	Andreas Steigen	Ikkje på val
Styremedlem	FJELL KYSTLAG	Inge Kolltveit	Ikkje på val
Styremedlem	LHL SOTRA	Gunnar Angeltveit	Ikkje på val
Styremedlem	FRITTSTÅANDE	Trygve Dāvøy	2 år
Vararepresentantar		Mai Villanger	1 år
		Olav Bjorøy	1 år
Revisor		Leif Håkon Arefjord	1 år

Valnemnda 21. januar 2021.

Rune Bildøy (s) Mai Villanger (s) Karstein Lunde (s)

Forslag til neste års valnemnd er;

Egil Haaland - Rune Bildøy Jorunn Foldnes

Vedtak:

Sak 11: Avslutning ved leiar